



SPAR-eigarane Bente Nilsen, Gunn Mari Moberg og Kjersti Børve har all grunn til å vera fornøgde også med 2010.(Foto: Ola Matti Mathisen)

No føreligg tala for i fjor for vår lokale suksessbutikk: SPAR hadde ein brutto omsetning på 31,2 millionar etter at dei året før passerte 30 millionar. Også i 2009 auka dei med rundt ein million.

Den beste månaden var juli som stod for 11,7 prosent av årsomsetningen. Desember på andrelassen kom opp i 9,7 prosent.

SPAR auka kundetalet i 2010 med 5.000 eter å ha nådd 144.000 i 2009. Dagleg leiar Bente Nilsen seier seg svært godt fornøgd med resultatet i fjor,

- Vi har flotte medarbeidarar som gjer ein strålande jobb. Det er ein fin blanding av skuleelevar som jobbar kveld og helg i tillegg til den faste staben som driftar butikken kvar dag, seier Bente Nilsen.

Av Ola Matti Mathisen.